



Innkalling  
av  
Førebuande fellesnemnd - partssamansett utval

**Møtedato:** 15.05.2017  
**Møtestad:** Nordhordlandshallen, kantina  
**Møtetid:** 12.00 - 13.00

Eventuelle forfall må meldast til Ørjan Raknes Forthun per tlf. 56 37 50 00, sms til eller per epost til orjan.raknes.forthun@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
007/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
008/17	Godkjenning av møteprotokoll – 24.04.2017
009/17	Krav til stilling som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen
010/17	Endringar i samansetning og møtetider for PSU når den formelle fellesnemnda er valt

8. mai 2017

Øyvind Oddekalv  
møteleiar

Ørjan Raknes Forthun  
møtesekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/17	Førebuaende fellesnemnd - partssamansett utval	PS	15.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	17/1413

## Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

Saksopplysningar:

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/17	Førebuaude fellesnemnd - partssamansett utval	PS	15.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	17/1413

## Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Førebuaude fellesnemnd - partssamansett utval - 24.04.2017

Møteprotokollen vert godkjent

**Saksopplysningar:**

# Møteprotokoll

## for

### Førebuande fellesnemnd - partssamansett utval

**Møtedato:** 24.04.2017  
**Møtestad:** Radøy rådhus  
**Møtetid:** 12:00 - 13:10

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	Radøy	Medlem
Jostein Borlaug	Radøy	Medlem
Laila Pletten	Radøy	Medlem
Kenneth Murberg	Radøy	Medlem
Else Marie Dale	Radøy	Medlem
Rosalid Grindheim Instebo	Radøy	Medlem
Elisabeth Bygstad	Radøy	Medlem
Øyvind Oddekalv	Meland	Utvalsleiar
Nils Marton Aadland	Meland	Medlem
Øyvind Bratshaug	Meland	Medlem
Anne Grete Eide	Meland	Medlem
Sølvi Knudsen	Meland	Medlem
Adolf Hovgaard	Meland	Medlem
Anita Dale	Meland	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	Lindås	Nestleiar
Leif Hosøy Sleire	Lindås	Medlem
Asle Hetlebakke	Lindås	Medlem
Nina Bognøy	Lindås	Medlem
Ståle Juvik Hauge	Lindås	Medlem
Anna K.Valle	Lindås	Medlem
Bjarte Vatnøy	Lindås	Medlem
Nina Stabell Øvreås	Lindås	Medlem
Karl Vågstøl	Lindås	Medlem
Sveinung Toft	Lindås	Medlem
Jarle Næss	Lindås	Medlem
Liv Berit Haukås	Lindås	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Karina Garnes Reigstad	Meland	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
Marit Jøssang	Meland	Karina Garnes Reigstad

---

**Følgjande frå administrasjonen møte:**

Jarle Landås-rådmann Radøy, Kari Anne Iversen-konst.rådmann Meland, Ørjan Raknes Forthun-rådmann Lindås og møtesekretær, Svein-Erik Antonsen-BDO, Merethe Mæland-BDO

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
004/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
005/17	Godkjenning av møteprotokoll 20.03.2017
006/17	Melding/orientering til førebuaude fellesnemnd - partsamansett utval 24.04.2017

### **004/17: Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### **24.04.2017 Førebuaude fellesnemnd - partssamansett utval**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **PFELLES - 004/17 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste er godkjent

---

### **005/17: Godkjenning av møteprotokoll 20.03.2017**

#### **Framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent

#### **24.04.2017 FØREBUANDE FELLESNEMND - PARTSSAMANSETT UTVAL**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **PFELLES - 005/17 VEDTAK:**

Møteprotokollen er godkjent

---

### **006/17: Melding/orientering til førebuaude fellesnemnd - partsamansett utval 24.04.2017**

#### **Framlegg til vedtak**

Meldinga vert teke til orientering

#### **24.04.2017 Førebuaude fellesnemnd - partssamansett utval**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**PFELLES - 006/17 VEDTAK:**

Meldinga er teke til orientering

**Felles protokollmerknad frå tillitsvalde:**

1. Koordinerande hovudtillitsvalde er representert i saksførebuande utval.
  2. I partssamansett utval er dei tilsette representert med seks hovudtillitsvalde – to frå kvar av dei noverande kommunane.
  3. Dei hovudtillitsvalde må ha representasjon inn i programstyringa.
  4. I sektorprosjektgruppene er dei tilsette representert med minst to hovudtillitsvalde.
  5. I delprosjektgruppene skal dei tilsette som hovudregel vere representert med minst èin hovudtillitsvald
  6. Det må inn i skissa korleis vernetenesta er tenkt involvert.
-

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
026/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	15.05.2017
009/17	Førebuande fellesnemnd - partssamansett utval	PS	15.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øyvind H. Oddekalv	16/3602

## Krav til stilling som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen

### Framlegg til vedtak

1. Førebuande fellesnemnd gir ordførarane og varaordførarane i dei tre kommunane fullmakt til å utarbeide ei skildring av stillinga som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen. Denne vert nytta i prosessen med avklaring av rettskrav til stillinga.
2. Koordinerande tillitsvalt deltar i utarbeidinga av stillingsskildringa.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I sak 012/2017 vedtok førebuande fellesnemnd å gi dei tre rådmennene i oppdrag å gjennomføre ein anbudsprosess for innleie av prosjektleiar for kommunesamanslåinga for perioden august 2017 til juni 2020. I same saka vart det vedtatt at den formelle fellesnemnda hausten 2017 skal setje i gong ein tilsetjingsprosess for å tilsetje ein prosjektansvarleg i perioden fram til 31.12.2020, som og skal vere rådmann i den nye kommunen. Som eit første steg i denne prosessen vart det og vedtatt at ordførarane skulle vurdere rettskrav til rådmannsstillinga for rådmannsstillingane i dei tre kommunane i dag.

Ordførarane har hatt kontakt med KS Advokatene med tanke på hjelp i prosessen som gjeld rettskrav for dagens rådmannsstillingar. Tilbakemeldinga frå KS Advokatane er at ein m.a. treng ei skildring av noverande rådmannsstillingar, samt stillingsskildring og beskriving av innhaldet for rådmannsstillinga i den nye kommunen.

Det er fram til no ikkje utarbeidd noko som skildrar innhaldet eller formulerer krava

ein set til den nye rådmannsstillinga. Dette er heller ikkje utarbeidd for stillinga som prosjektansvarleg, ei stilling den nye rådmannen skal ha i perioden frå hausten 2017 til 31.12.2019.

**Vurdering:**

For å kome vidare i arbeidet med å vurdere rettskrav til stillinga som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen, er det avgjerande å få utarbeidd ei skildring av stillinga. Det er ønskjeleg at avklaringa av rettskrav er avslutta før sommarferien.

Ordførarane foreslår at ordførar og varaordførar i dei tre kommunane får fullmakt til å utarbeide stillingsskildring for prosjektansvarleg/ny rådmann. Ein ser føre seg eit intensivt arbeid. Koordinerande tillitsvalt bør representere dei tilsette i dette arbeidet, det må og vurderast om det skal gjennomførast drøftingar med hovudtillitsvalte i kommunane. Denne stillingsskildringa blir nytta når KS Advokatene skal gi ei vurdering av rettskrav til stillinga som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen.

**Økonomi:**

I sak 012/2017 vart det vedtatt at kostnader til ekstern hjelp i denne prosessen skal dekkjast av eingongsstønaden som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

.....



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/17	Førebuaende fellesnemnd - partssamansett utval	PS	15.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

**Endringar i samansetning og møtetider for PSU når den formelle fellesnemnda er valt**

## Framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

.....

### Saksopplysningar: Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i førebuaende fellesnemnd – partssamansett utval – 15.05.2017

.....